



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 10.04.2018
Vår ref.: 2016/943-36
Saksbehandlar: mattorg
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane-Ranavik

Vi viser til retningsliner for ferjeavløysningsordninga fastsett av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22.02.2016, revidert 10.11.2017.

Overfartsida på sambandet mellom Skjersholmane i Stord kommune og Ranavik i Kvinnherad kommune er i dag på om lag 40 minuttar. Strekinga blir trafikkert med to ferjer. Lengde på ferjesambandet er 14,2 km. ÅDT vart i 2017 på 431, mens PBE vart på 665. Gjennomsnitt tal turar pr dag vart 45 i 2017.

Ferjeleie blei flytta frå Leirvik til Skjersholmane i 2003, mens ferjeleiet på Sunde vart lagt ned i 2008 i samband med ferdigstilling av Halsnøytunnelen. Flyttinga frå Leirvik til Skjersholmane vart føresett å vere mellombels i påvente av bygging av eit nytt ferjeleie. Det har vore fleire prosessar for å finne nytt ferjeleie, men det har ikkje lukkast til no å finne ei løysing.

Kommunane Stord og Kvinnherad samt Hordaland fylkeskommune vedtok i 2017 å starte opp arbeid med ein interkommunal kommunedelplan for sambandet med Hordaland fylkeskommune som tiltakshavar og leiar av planarbeidet. Dei to kommunane er planstyresmakt. Planprogram og silingsrapport er under utarbeiding, og skal etter planen bli lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i løpet av sommaren 2018.

Det er oppretta ei politisk referansegruppe for arbeidet med representantar frå dei to kommunestyra og frå fylkestinget, og dei har m.a. fremma ei slik innstilling:


«*Ferjestø som vert vurdert i kommunedelplanen:*

- *Sævarhagen*
- *Valevågen*
- *Klosterneset*
- *Sætersneset*
- *Ranavik*

På grunn av førebels uavklarte problemstillingar knytt til vegstandarden over Halsnøy skal også Sunde vurderast som alternativ ferjestø i Kvinherad, eventuelt som midlertidig løysing fram til vegnettet over Halsnøy er tilstrekkeleg utbetra.

Når det gjeld K4, Jektevik – Sunde, viser referansegruppa til silingsrapporten og trafikkanalysane utført av States vegvesen som syner at dette alternativet gir lågast trafikkgrunnlag og regional nytte. Samstundes er dette eit alternativ med avgrensa kostnader/inngrep, og representantane frå Stord ber om at dette alternativet også vert utgreia i kommunedelplanen.»

Kartet under viser framlegg til ferjeleier, samt til tilførselsvegar.



Som eit ledd i siling av alternativa, ønskjer Hordaland fylkeskommune å få vurdert om følgjande samband vil bli omfatta av ordninga med ferjeavløysingsmidlar til innkorting av samband, og førebels anslag for ferjeavløysingsmidlar:

Ferjestrekning	Lengde ferjesamband	Lengde vegsamband i dagen	Lengde i tunnel	Estimerte anleggs-kostnader	ÅDT 2025 opningsår
Ranavik-Valevågen	9,0 km	240 m	1 560 m	460 mill kr	900
Ranavik-Sævarhagen	7,5 km	805 m	1 110 m	460 mill kr	950
Klosterneiset-Valevågen	6,7 km	840 m	2 160 m	660 mill kr	950
Klosterneiset-Sævarhagen	5,3 km	1 405 m	1 710 m	660 mill kr	1000
Sunde-Jektevik	13,4 km	0	0	180 mill kr	650
Sunde-Sævarhagen	10,6 km	805 m	1 110 m	470 mill kr	800
Sunde- Valevågen	12,3 km	240 m	1 560 m	470 mil kr	750

Dimensjoneringsklasse for alle sambanda er Hø2, med 6,5 meter vegbredde. Det er ikkje aktuelt med bru, sjøfylling eller undersjøisk tunnel for nokon av sambandsalternativa. Tunnelklasse er rekna til T8,5.

Statens Vegvesen har utarbeida trafikkframskrivingar med dei ulike sambandsalternativa ved hjelp av regional transportmodell i år 2050. ÅDT i opningsåret er rekna ut i frå ein lineær vekst i trafikktalet frå basisår til 2050.

For spørsmål, kan de ta kontakt med Matti Torgersen, mobil 922 24 656 eller på epost matti.torgersen@hfk.no.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Stord kommune
Kvinnherad kommune